

Årsmelding HIFO Bergen april 2013- mai 2014

Tillitsvalde

Styret har sidan april 2013 bestått av Eyvind York, Universitetet i Bergen; Pål Berg Svenungsen, Universitetet i Bergen, Ingrid Myrstad, Historikarverksemda; Magnus Halsnes, Universitetet i Bergen; Alf Magne Sirevåg; (usikre: Magnus Dølerud, Universitetet i Bergen, Dan Velle).

Aktivitetar

Våren 2013 fekk HIFO Bergen ein forespørsel om å arrangere lokallagsseminar for HIFO hausten 2013, noko vi vart samde om å jobbe framover mot. På eit møte 8. august (til stades: styremedlem Eyvind, Pål, Ingrid og Alf Magne. Meldt fråfall: Magnus H, Magnus D og Dan) kom styret saman for å planlegge seminaret, der vi kom fram til både tema, tidspunkt og deltakarar (referat frå møtet vart sendt ut 9. august). Det vart bestemt at tema til det faglege seminaret, som HIFO Bergen fekk ansvar for, skulle vere oppdragsforskning, og med to ulike problemstillingar rundt dette temaet: status for oppdragsforskning og oppdragsforskaren i dag og faglege problemstillingar knytt til oppdragsforskning. Vi inviterte tre røynde oppdragsforskarar: Inger Bjørnhaug, Morten Hammerborg og Gaute Losnegård til å halde innlegg om sine erfaringar med å drive med oppdragsforskning.

Seminaret vart arrangert laurdag 5. oktober i Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap (AHKR) sitt seminarrom 1 i Øysteins gate 3. Det faglege seminaret var etter styreleiar si meining svært vellykka, med gode foredrag, ein god diskusjon i etterkant, og eit godt oppmøte som følge av ein i siste liten mobilisering og innsats frå styret. Det viste seg nemleg at dei aller fleste lokallag ikkje hadde høve til å delta på seminaret i Bergen, men det gjekk ikkje ut over det faglege seminaret, og det var ein god dialog med HIFO sentralt i forkant av arrangementet trass i at det måtte endrast noko i siste liten. Magnus Halsnes skreiv også ein god og fyldig artikkel om seminaret, som vart publisert i Historikeren nr. 4/2013.

Frå våren 2014 har også HIFO Bergen gått inn i eit samarbeid med Bergen Historisk Forum, som etter ei pause har blitt starta opp igjen, med mål om å arrangere fleire historiefaglege seminar kvart semester. Bergen Historisk Forum er eit historiefagleg forum med base i historiemiljøet på Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap (AHKR) ved Universitetet i Bergen. Det har allereie blitt arrangert to foredrag denne våren, og frå hausten 2014 vil det bli arrangert fleire foredrag med aktuelle, historierelaterte tema, i samarbeid med ulike andre historieforskningsinstitusjonar i Bergen, m.a. Rokkansenteret, Museum Vest, HIFO Bergen, Høgskolen i Bergen.

Bergen, 4. mai 2014
Eyvind York
HIFO Bergen